



Harald Sætre presenterar eitt Uskedalsmotiv i boka

2 USKEDELINGAR - HARALD SÆTRE OG OLAF AGNAR GAUSVIK - har utmerka seg som lokalhistorikarar - den første som skildrar av trafikken på fjorden. No er ei ny bok om den lagt ut for sal og bør friste mange som er interesserte i HSD-historia. Sætre skriv lett sørgmodig om selskapet som no er borte men også han innrømmer at alt har si tid og at ikkje noko varar evig.

Bankmannen Sætre (65), som aldri har brote linken til heimbygda. har vore pensjonist i eitt år og kan endeleg ofra seg for fullt for skriving og fotografering. Produktet som no føreligg handlar om ferjer, ferjekaiar og ferjeruter og alle samband er omtala.

Han har henta bileta frå eit arkiv med rundt 15 000 bilete som han møysommeleg har bygd opp gjennom åra, men trykkeriet har ikkje vore like heldig med alle som er trykt i boka. Det er litt for mange mørke bilete. Heller ikkje er det alltid så heldig å gje att klypp frå aviser og andre publikasjonar. Men dette er ei lita innvending mot ein imponerande dokumentasjon av lokalhistorie.

Sætre opplysar til uskedalen.no at det var hos bestefaren Torgeir Gunntveit frå Jondal han henta si store interesse for båtar og sjøverts transport. Han supplerte med opplevingane frå Sandakaien og Beinavikjo og det myldrande livet der når båtane kom. Men ettersom Uskedalen ikkje hadde nokon stopp for ferjer er det ikkje så mykje stoff frå vår bygd i boka med unntak av Norholm 1 som var innleigd av Henrik B. Hjørnevåg i ferjefarten sin barndom.

Det er det driftige lokalforlaget Kapabel ved Otto Erslund som har gjeve ut også denne boka. Han skriv lett ironisk i forordet: 'Snart kan me i all einsemd sitje i kvar vår

bil og suse mellom byer og bygder. Sleppe å møte folk slik at me må slå av ein prat. Det går framover her på Vestlandet',

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

